

KVINNHERAD MÅLLAG

ÅRSMELDING 2017

Styrearbeidet

Styret har hatt fire møte og handsama 23 saker. Frammøte på styremøta har vore jamt bra, og styrearbeidet har fungert bra.

I styret har vore:

Kristian Bringedal, leiar. Ikkje på val (som styremedlem).

Øystein Skjæveland, nestleiar. På val.

Lars Børge Sæberg, kassastyrar. Ikkje på val.

Gaute Lund, skrivar. På val.

Anne Karin Fonneland, styremedlem. Ikkje på val.

Vara:

Morten Nygård

Medlemstal og økonomi

Det vil bli lagt fram rekneskap og annan informasjon på årsmøtet. Økonomien i laget er god og medlemstalet er aukande. Det er 165 medlemmer no i januar 2018 (opp frå 150), og 130 har betalt kontingent for 2018 (opp frå 108 på same tid i fjor).

Aktivitet

- Målblomen 2017 gjekk til Kvinnherad Libris
- Ein delte ut prisar til nynorskstilar ved Rosendal ungdomsskule.
- Ein har slutta opp om tilskipingar som i Hordaland mållag.
- Laget hadde utsending til årsmøtet i Hordaland Mållag i mars.
- Arbeidet har gått vidare med songbokprosjektet.
Ein har lagt inn ein del materiale, og har fått merksemd i lokalavisa og vidare.
- Ymse utspel har vore gjort for aktørar i næringslivet i høve målbruk.
- Laget har jamn aktivitet på facebook (ros til Lars Børge for dette) og har p.t. 275 «likarar»/følgjarar.

Januar 2018

Styret